

## Månadsbrev frå Reben - OKTOBER 😊

Oktober starta med varmt vær, og vi hadde ute-veke i heile 2 veker!

Dette har vore veldig positivt for både vaksne og barn, då vi har fått luftige og friske dagar med bålkos om morgonen, stort aktivitetsområde, godt samspel mellom barna og ein kreativ leik. Vi har også samarbeida godt med Middagstuva, både i utetida og på turar, der barna har leika og blitt betre kjende. Hugs: Kaldt og vått vær framover = Viktig med varme og tørre klær.



Bjørnegruppa har starta med den berømte «Bjørneklubben», der vi har fokusert på vennskap og inkludering og viktigheten av å være gode mot kvarandre. Dette temaet skal vi jobbe med i løpet av heile året på Reben.

Den 18.oktober var det tv-aksjonen «Et hav av muligheter», og i denne anledninga hadde vi samling med barna der dei fekk sjå korte videosnuttar om årets innsamlingsprosjekt. Vi samtala og undra oss rundt bl.a. søppel i havet, plast, dyreliv, kva vi menneske kan gjera. Barna ville bidra, så vi tok initiativet deira og plukka søppel rundt barnehagen. Kunne vi bruke dette søppelet til noko? Vi gjekk i gjennom søppelet vi hadde funne, og sortera det i haugar etter kva materiale det var. Her var barna ivrige etter å forklare kor ting skulle kastast. Kor skulle vi kaste dameskoene? Det meste av søppelet vi fann var for møkkete til å bruke på nytt. I staden for brukte vi plastsøppelet som barnehagen har «produsert» og klipte og limte på barnas eige måleri av «havet med søppel». Med tanke på gjenbruk; eitt barn ville måle på eit gammalt yoghurt-beger. Det fekk ho lov til, fleire ville også prøve. Vi snakka om at ikkje alt treng å kastast, men kanskje det kan brukast på nytt?



FN-dagen 24.oktober vart markert med ei samling om kva FN er, kvifor FN finst og om ulike nasjonalitetar i barnehagen. Her kom det opp spørsmål som «kva er krig?», «levde du i krigen?» og «kva land kjem mamma og pappa frå?». Mange spørsmål her altså. Desse spørsmåla snakka vi om seinare då vi laga flagglenke med alle nasjonalitetane på avdelinga. Vi har også starta å lære oss

«hei» og «eg heiter...» på ulike språk.

Oktober 2020

Reveskogen har vore base for eit kurs om å bli ein betre vaksen i natur, derfor har det blitt bygd naturleikeapparat der for barna. Klatrestativ og små hytter og figurar. Barna har storkosa seg der, og vi satsar på at vi får mange turar dit framover. Ta gjerne med barna dit på fritida for å sjå også. I skogen og på veg dit, men også i uteområdet i barnehagen, har barna ofte spurt «kva er det?». Vi vaksne svarar så godt vi kan, men av og til har vi ikkje svaret. Då tek vi bilde av planta, blomsten, soppen og så sjekkar vi det når vi kjem i barnehagen ved hjelp av appen «Artsorakelet». Der får vi opp kva det kan vera, og så dobbeltsjekkar vi med barna om det kan stemme. Ofte har planter veldig rare namn; rynkerose, kjempespringfrø og bladgelésopp.

Tegn til tale. Vi øver oss på nye tegn kvar veke. Dette er veldig til hjelp for barna som slit med å kommunisere med ord. Det er også eit språk som barna synes er gøy å kunne. Vi prøvar å bruke det i kvardagssituasjonar, men óg når vi syng.

FAU har vore kjempeflinke med dugnad for å få opp hinderløypa på nordsida av barnehagen. Denne har barna fått utfolde seg i, klatre og henge, krype og hoppe. Vi trur desse apparata vil bidra positivt til barnas motoriske utvikling i åra framover.



Mvh Torill, Tove, Katrin, Veronica, Bjørn Olav og Charlotte